

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 20.01.2021

Møtetid: Kl. 11:00-14:00

Møtestad: Rådhuset, kommunestyresalen

Saksnr.: 01/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Siri Larsen Ramsøy	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Erna Underdal Skarsbø	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møtte:	Andrea Opseth, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Trygve Skjerdal, ordførar
Frå revisjonen møtte:	
Andre som møtte:	Anja Brekke Molvær, leiar av barnevernstenestene
Dokument utlevert i møtet:	Notat – spørsmål om habilitet (delt pr. e-post 19.01)
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr. **Sakstittel**
01/2021 **Handsaming om framlegg om gransking**

Ope/lukka
L

Møtet vart lukka med, med heimel i offentleglova § 13.

Sak 01/2021 Handsaming om framlegg om gransking

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 20.01.2021	Saknr 01/2021
---------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Basert på gjennomgang og den informasjonen som føreligg, har ikkje sekretariatet føresetnad for å seie at kommunen har gjort lovbrøt i desse sakene. Det har samstundes komme fram informasjon som er viktig å sjå nærare på.

Basert på den informasjonen som føreligg, er sekretariatet si hovudtilnærming at ein ikkje tilrår gransking. På den andre sida er det høgt konfliktnivå i desse sakene, og kanskje kan ein ekstern gjennomgang bidra til å få avslutta saka på ein god måte.

Vår tilråding er at kontrollutvalet vurderer ei alternativ tilnærming. Sekretariatet legg fram forslag for alternativ tilnærming:

Område	Alternativ tilnærming
1. Skulemiljøet ved Aurland Barne og Ungdomsskule	Utforme og iverksette skulemiljøundersøking. Formålet med ei slik undersøking er å avdekke evt. forhold for forbetring, og vise retning vidare. Alternativt at ein sett i gang gransking knytt spesifikt mot skulemiljøet.
2. Varslingsfunksjon i kommunen	Anbefalt som område for forvaltningsrevisjon
3. Myndigheitsbruk	I denne saka vil sekretariatet be om innsyn i lydopptaket til møtet 20. januar 2020. Kontrollutvalet gjer si vurdering etter å ha høyrte dette.
4. Kommunen si rolle i høve til innbyggjarane i kommunen	Utforme og iverksette innbyggjarundersøking, for å finne ut om innbyggjarane er nøgde med tenestene og kommunikasjon.

Sekretariatet vil påpeike at dette er ei kompleks sak, og kontrollutvalet må i møte drøfte om ein vil gå for dette eller halde fast ved tidelegare vedtak.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	17.11.2020	Unnteke offentlegheit	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
2	23.07.2020	Bente Ohnstad	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
3	16.11.2020	Sigurd J. Klomsæt	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
4	31.12.2020	Sigurd J. Klomsæt	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
5	14.01.2019	Fylkesmannen	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
6	12.09.2017	Fylkesmannen	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
7	20.07.2020	Fylkesmann	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
8	05.05.2020	Aurland og Lærdal barnevern	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
9	05.05.2020	Aurland og Lærdal barnevern	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
10	24.03.2020	Barnevernstjenesten	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
11	27.04.2020	BUP	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
12	03.07.2020	BUP	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
13	05.01.2021	Aurland Kommune	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
14	12.01.2021	Unnteke offentlegheit	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
15	31.05.2018	Kommunestyret	Tilbakemelding frå setterrådmannen - klagesak
16	08.01.2021	Aurland Kommune	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
17	03.02.2020	Unnteke offentlegheit	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
18	06.02.2020	Aurland Kommune	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
19	25.06.2020	Fylkesmann	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
20	06.10.2020	Fylkesmann	Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13
21	13.01.2021	Rådmann	Rådmann sin uttale Unnteke offentlegheit med henvising til offentleglova §13

20.01.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalsleiar innleia møtet med å tydeleggjere formålet med møtet, og tenkt framgang for møtet.

Sekretariatet informerte om si utgreiing av saksframlegg, og gjekk gjennom saksframlegget i sin heilheit. Sekretariatet bad i forkant av møtet om innsyn i lydopptak knytt til enkeltsak for behandling i møtet. Førespurnaden vart ikkje imøtekommen.

Anja Brekke Molvær, leiar av barnevernstenestene, informerte om barnevernstenestene og korleis barnevernet handterer ei bekymringsmelding på generelt grunnlag. Leiar gjekk ikkje inn i enkeltsakene. Når barnevernet mottar ei melding, skal barnevernet innan 7 dagar vurdere denne bekymringsmeldinga. Dersom det er grunnlag for det, startar barnevernet ei undersøking. Undersøkinga skal ikkje gjerast større enn nødvendig, og så langt det lar seg gjere med samtykke. Leiaren for barnevernstenestene presiserte òg at kommunalt tilsette har plikt til å melde frå om saker. Leiaren informerte vidare om dialogmøte gjennomført i veke 2 2021, mellom kommunen si barnevernsteneste og statsforvaltaren. Dette er eit årleg møte der ein gjennomfører risikoscore for barnevernstenestene. Aurland Kommune får gode tilbakemeldingar, men statsforvaltaren gav uttrykk for bekymring for det låge talet barnevernsmeldingar i Aurland Kommune.

Kontrollutvalet fekk moglegheit til å stille spørsmål, og diskuterte det låge talet barnevernsmeldingar.

Saka i sin heilheit vart drøfta, og alle kontrollutvalsmedlemmane fekk gitt uttrykk for sitt syn.

Kontrollutvalet stemte over spørsmål om gransking. Det var fastsett slikt vedtak, med 3 mot 2 røyster:

1. Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret er å ikkje setje i verk gransking av dei to omtala sakene.

Kontrollutvalet diskuterte alternativ tilnærming til gransking, foreslått av sekretariatet. Det vart opplyst i møtet at det allereie føreligg rapportar knytt til skulemiljø, og det er iverksett innbyggjarundersøking knytt mot samfunnsplan.

Basert på diskusjon vart det gjort framlegg til vedtak:

2. Kontrollutvalet ber sekretariatet vurdere om gjeldande plan for forvaltningsrevisjon bør endrast, slik at varslingsfunksjonen i kommunen vert prioritert som eit område for forvaltningsrevisjon inneverande planperiode. Kontrollutvalet tar stilling til om det skal gjerast ei slik endring i planen for forvaltningsrevisjon, herunder rekkefølga på prioriterte område, i neste møte.

Forslaget vart røysta over, og einstemmig vedtatt.

SAK-01/2021 VEDTAK

1. Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret er å ikkje setje i verk gransking av dei to omtala sakene.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet vurdere om gjeldande plan for forvaltningsrevisjon bør endrast, slik at varslingsfunksjonen i kommunen vert prioritert som eit område for forvaltningsrevisjon inneverande planperiode. Kontrollutvalet tar stilling til om det skal gjerast ei slik endring i planen for forvaltningsrevisjon, herunder rekkefølga på prioriterte område, i neste møte.

Punkt 1 vart vedteke med tre mot to røyster.

Dei som røysta for: Kristoffer Ullern Hansen, Erna Underdal Skarsbø og Siri Larsen Ramsøy.
Dei som røysta mot: Frode Bekkestad og Kjell Nordgulen.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.